

## Myklebust fekk fleirtal for nytt reiselivslag



Eit nytt reiselivslag bør dannast, meiner Torfinn Myklebust, her i formannskapet torsdag mellom Knut Prestnes og Bente Bondhus. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet, Uskedalen) fekk torsdag fleirtal med 5-4 i formannskapet for eit forslag der det heiter at reiselivet bør organisera seg i eit nytt lag og at rådmannen skal ta initiativet til organiseringa.**

Formannskapet vil vurdera å auka overføringane til Samarbeidsrådet i perioden fram til 2012 med anslagsvis 130.000 som er øyremerka vidareføring av reiselivssatsinga og ventar at denne satsinga har sterk fokus på regionalt samarbeid. Myklebust fekk fleirtal – med 6 mot 3 – for eit forslag om at Samarbeidsrådet bør lokalisera stilling for slik vidareføring til Rosendal.

Desse vedtaka vart fatta då formannskapet drøfta strategiar og tiltak for utvikling av reiselivsnæringa i kommunen og alle var einige med rådmannen i at reiselivskoordinator i 100 prosent stilling skal vurderast når budsjettet for 2009 og langtidsbudsjettperioden fram til 2012 skal utarbeidast.

No har Karen Løfall Wåge berre 40 prosent stilling. Den vart etablert for 2007-sesongen og rådmannen slår fast at det ikkje er tilstrekkeleg. Fram til i dag har mykje av innsatsen hennar vore i Rosendalsområdet, men det ligg store oppgåver med tilretteleggjing av turar med meir og ventar i andre bygder.

- No må resten av kommunen meir aktivt med i satsinga, slår rådmannen fast.

Myklebust spurde i formannskapet om reiselivsnæringa er med på ei auke frå 40 til 100 prosent stilling, men fekk negativt svar frå verksemdsleiar Tormod Fossheim: - Nei, dette er ein grunninvestering som kommunen gjer. Dei konkrete produkta som kjem i tillegg skal næringa sjølv betala for.

Myklebust tykte det er synd at næringa ikkje kjenner si besøksstid, men meinte at tida er inne for en freistnad på å få i gang eit lag. Han meinte at ein kunne nytta same mønster som Kvinnherad Næringssservice der dei som er med går inn med midlar.

Ole Torbjørn Holmedal (Framstegspartiet) fann det merkeleg at denne næringa ikkje viser vilje til å organisera seg og samarbeide.

- Dette bør vera ei oppgåve for næringa og ikkje for kommunen, no blir denne næringa behandla nærmast som ei verna bedrift, sa han.

Bjarne Berge (Tverrpolitisk Samlingsliste) konstaterte at kommunen har vore utan reiselivslag i mange år og antyda at det kanskje ikkje er rett å satsa igjen på eit slikt lag fordi mykje har endra seg. Det er danna større einingar og kanskje er internett tilstrekkeleg.

Fossheim hadde også fått signal frå næringa om at reiselivslag ikkje er noko å satsa på. Satsinga skjer no via dei store organisasjonane og det blir for tungt for ein kommune å gå ut på marknaden aleine. Men ein bør halda fram med ein koordinator.

- Å marknadsføra reiselivsproduktet er god reklame for heile kommunen, sa Fossheim.

Knut Prestnes (Senterpartiet) var betenkt over at næringa sjølv ikkje yter noko og meinte at den bør kallast inn

slik at ein får høyra "om den har noko kjøtt på beinet", som han uttrykte det.

Gunn Mari Moberg (Høgre, Uskedalen) streka under den store overrisslingseffekt denne næringa har for bygdene våre.

Av Ola Matti Mathisen